



# DEN NORSKE KYRKJA

## Bjørgvin biskop

Fornyings- administrasjons- og kyrkjedepartementet  
Postboks 8004 Dep.  
0030 OSLO

Dato: 15.11.2011

Vår ref: 11/203-2 TOS

Dykkar ref: Torbjørn Backer Hjorthaug

### **Høring om elektronisk registrering av kirkelige handlinger - endringsforslag**

Bjørgvin biskop er glad for at det no kjem elektronisk føring av kyrkjelege handlingar og at handskrivne protokollar får avløyning og sluttar seg til forslaget til ny forskrift.

Til forslag på §2 c) Her vert det lagt opp til at forlovarar skal førast. Det er bra, men det har ikkje vore gjort sidan 2004 sidan det noverande vigselfokumentet som er kyrkjebok ikkje har det med.. Her må folkeregisteret levera betre dokumentasjon for at opplysningane skal kunna førast.

Til forslag på §5. Det er ein god ting at medlemsregisteret kan brukast i presten og i kyrkjelyden sitt arbeid, det opnar for å letta det kyrkjeleg arbeidet særleg i trusopløringa dersom dataløysing er god nok

Til forslag på §8. Her er det bra at det vert understreka at den kyrkjebokførande, det vera soknepresten, har ansvar og at ordlyden ”plikter å gi melding” understrekar aktivitetsplikt.

I tillegg bør det gjerast eit arbeid for å avklarar spørsmål rundt utskrift av attestar. No er det forvirring ute å går når det gjeld bruk av stempel fordi det ikkje er kome nye retningslinjer om stempel etter prostereforma og innføring av nye tenestedistrikt. Nokre brukar dei gamle embetsstempla og nokre har laga seg nye med eigne nye titlar. Her bør det i same omgang gjevast eintydige meldingar om dei rutinar som knyter seg til kyrkjebok og attestutskrivning. Når dette skal innførast må ein ta høgde for at det enno er mange stader der det er presten som fører kyrkjeboka og ikkje kontorpersoneell og at standarden på datautstyret kan variera.

Denne høyringa er tatt opp på prostemøtet, og prostane har levert innspel til høringssvaret.

Med helsing  
på vegne av Bjørgvin biskop

Tore Skjæveland  
seksjonsleiar  
Direkte innval: 55 30 64 93

